

Stendal Vvs AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/4862 - 21/3412

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
18.01.2021

Løyve til framføring av røyrleggjararbeid knytt til gråvassutslepp frå hytte- gbnr 346/1

Administrativt vedtak: **Saknr: 088/21**
Tiltakshavar: Ivar Magnar Dalland
Ansvarleg søkjar: Stendal VVS AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve for framføring av røyrleggjararbeid knytt til gråvassutslepp frå hytte på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 07.08.18 mottatt 12.02.20 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med utsleppsløyve for gråvassutslepp til hytte i sak 18/2140 vedtak av 25.11.19 og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.

Tiltaket skal ikkje takast i bruk før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket.

Tiltak

Saka gjeld søknad om framføring av røyrleggjararbeid knytt til gråvassutslepp for hytte på gbnr 346/1.

Utsleppet det er søkt om og godkjent i sak 18/2140 er et eit gråvassutslepp som skal via slamavskiljar på 1 m³ til grøfta på gbnr 346/1 i samsvar med situasjonskart, datert 07.08.18 motteke 04.10.19. Det er veg til eigedomen, så tømming av slamavskiljar skal innlemmast i NGIR-tømmeordninga. Vatn vart lagt inn i hytta for 30 år sidan frå brønn

på garden. Det skal ikke monterast vassklosett. Vidare er det opplyst at det er brønnvatn på garden på gnr 346/1 som skal nyttast på hytta. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad motteken 18.01.21. Erklæring og ansvarsrett og gjennomføringsplan vart mottatt 08.01.21.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 18.01.21 og frist for sakshandsaming er 3 veker fra denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål.

Det vart tidligare søkt om dispensasjon for bruksendring fra hønsehus til fritidsbustad. Dispensasjonen vart gjeve i UDU møte den 16.10.18 i PS 79/2018. Det vart gitt løyve til bruksendring fra hønsehus til fritidsbustad i samsvar med pbl §20-1 den 11.06.20 i sak 20/4862.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje ny dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i dispensasjonssaka og utsleppssaka 18/2140 og krev ikkje ny varsling etter vurderinga.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 07.08.18.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning. Det skal ikke installerast vassklosett på hytte og avlaup.

Tiltaket er knyta til privat vassverk brønn på garden gnr 346/1. Det skal monterast slamavskiljar på 1 m³ for å reinse gråvassutslepp før den skal sleppast ut i grøfta på gnr 346/1.

Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i sak 18/2140 vedtak datert 25.11.19.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggeteknisk forskrift (TEK).

Avfallsplan

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

VURDERING:

Tiltaksklasse

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søker, jf. pbl § 20-3.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggeteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommune vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl).

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæsst. Føretak

som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytt fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid være tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/4862

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

9. Gjennomføringsplan
Situasjonsplan

Kopi til:

Ivar Magnar Dalland	Langarinden 395	5132	NYBORG
---------------------	--------------------	------	--------

Mottakarar:

Mottakarar:

Stendal Vvs AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND